

Knutepunktoppdrag - høyringsuttale

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for Kultur til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje innvendingar til kriteriar for knutepunktoppdrag slik det ligg føre i brev av 22.06.07 frå KKD.

Prenta vedlegg:

Brev av 22.06.07: Det kongeleg Kultur- og Kyrkjedepartement. Knutepunktoppdrag – notat til høyringsuttale.

Uprenta vedlegg:

FT-sak 0050/04 – Førde Internasjonale Folkemusikkfestival som knutepunktinstitusjon.
Godkjenning av standardavtale med staten og Førde kommune.

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival fekk knutepunktstatus med verknad frå 2005, der festivalen kom i gruppe med andre kulturelle flaggskip som festspela i Bergen og Nord-Noreg, Olavsfestdagane i Trondheim, Molde Internasjonale Jazzfestival mfl.

Knutepunktinstitusjonane var ved etablering av ordninga tiltenkt ansvar ut over eiga verksemd ved at idear, tilbod og kompetanse skulle kome heile regionen til gode. Institusjonane skulle knytast saman i nettverk både av andre institusjonar og statlege/regionale styresmakter. For å ivareta slike fellesfunksjonar og eigen kvalitet, skulle knutepunktinstitusjonane sikrast føreseielege økonomiske rammer.

I St.prp. nr 1 (2006-2007) heiter det at departementet vil understreke at verksemder som har status som knutepunktinstitusjon skal kunne påta seg eit nasjonalt kulturansvar innanfor sin sjanger og samstundes ha ei klar regional og lokal forankring. Staten ønskjer difor å presisere at det å vere knutepunkt like mykje er eit *oppdrags* som eit spørsmål om *finansiering*. Departementet vil difor no føreta ein gjennomgang av korleis knutepunkttoppdraga blir gjennomførte. I brev frå departementet av 22.06.07 er det difor lagt fram eit forslag til presisering av kriteriar for institusjonar med knutepunktstatus. Departementet legg *ikkje* opp til å vurdere finansieringsordninga.

2. PRESISERING AV KRITERIAR FOR KNUTEPUNKTOPPDRAG - FORSLAG

I forslag til presisering av kriteriar for knutepunkttoppdrag er det lagt opp til at knutepunktinstitusjonar vil bli vurderte i høve kunstnarisk aktivitet og kvalitet, publikumsutvikling samt ressursutnytting. Det vil verte sett krav om at institusjonane skal vere kunstnarisk leiande innan sin sjanger samt at dei skal fungere som kompetansesenter for regionalt kulturliv i tillegg til små/mindre festivalar innan sin sjanger.

Det er vidare ein føresetnad at knutepunktinstitusjonane har regional og lokal tilknytning gjennom finansiering og annan medverknad. Det er lagt vekt på at desse institusjonane har internasjonalt retta verksemd og at det er publikumsretta aktivitetar året gjennom, eventuelt i samarbeid med andre aktørar. Knutepunkttoppdraga vil verte evaluerte kvart femte år. Departementet legg opp til at eksisterande knutepunktinstitusjonar får rimeleg tid til å omstille seg. Første evaluering vil difor tidlegast bli gjennomført eit par år etter at reviderte krav er fastsette.

Det vert lagt opp til vurdering av knutepunkttoppdraga på bakgrunn av institusjonane sine årlege rapporteringar til departementet, i tillegg til ein prosess/dialog mellom partane. Institusjonar som har mangelfull måloppnåing og/eller ikkje har utvikla knutepunktfunksjonar vil, dersom omstillinga er mangelfull, risikere nedtrapping av det statlege tilskotet.

3. VURDERING OG KONSEKVENSA

Det har vore halde møte mellom Førde kommune, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival og fylkeskommunen i samband med denne høyringa. Partane har samanfallande syn i denne saka.

Fylkesdirektøren vurderer Førde Internasjonale Folkemusikkfestival til å allereie i dag jobbe godt innanfor dei nemnde kriteria for knutepunktoppdrag. Festivalen hadde allereie i søknaden sin om å få knutepunktstatus med dei hovudpunkta som no vert skisserte som viktige oppgåver for knutepunktinstitusjonane. I festivalen sin strategiplan (2006-2008) er desse måla også vidareførte og konkretiserte, og er såleis ein god reiskap for å dokumentere mål for festivalen og strategiar innanfor kriteria og oppgåver departementet føreslår for knutepunktinstitusjonane.

Festivalen har ein klar programmessig profil som skil den frå andre festivalar i Norge. Den initierer kvart år nye prosjekt for kunstnarleg utvikling og fornying, ofte i samarbeid med andre t.d. innan scenekunstheltet. Festivalen har brei lokal medverknad i form av økonomiske løyvingar og nært samarbeid med fylkeskommunen og vertskommunen Førde, og framstår i dag som ein festival med svært høg kvalitet innanfor sin sjanger også målt i europeisk samanheng.

Slik fylkesdirektøren ser det kan det verte ei utfordring for festivalen å oppretthalde trykk på publikumsretta aktivitetar året gjennom, etter at tilskotsordninga for dette fall bort (LOK-midlane i Norsk Kulturråd) og avgrensing av knutepunktinstitusjonane sin moglegheit for å søke Norsk Kulturråd om støtte vart sett i verk. Festivalen må i så måte søkje nye samarbeidsalliansar. Fylkesdirektøren rår difor departementet til å presisere kva nivå forventningane til punktet "publikumsretta tiltak gjennom året" ligg på.

Vidare ønskjer fylkesdirektøren at norske folkemusikarar i sterkare grad vert promoterte i høve internasjonale arenaer i andre land, og at folkemusikkfestivalen i sterkare grad bli trekt inn i dette arbeidet i lag med sentrale aktørar. Å vere knutepunktinstitusjon medfører ansvar for kunnskapsdeling, men det inneber også at knutepunktinstitusjonane vert tekne med på råd når dette er naturleg.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Med bakgrunn i ovanståande har fylkesdirektøren ingen merknader til forslag til presisering av kriteriar for knutepunktoppdrag, slik desse er utforma av KKD i brev datert 22.06.07.